



Nr 1 | 2024 | 75. årgang



God summer!

Andakt

Det er sommer og badetid. Åfjorden har mange fine badeplasser, tror jeg. For å være ærlig har jeg enda ikke hoppet i havet fra Hyllestad kommune, men jeg har tatt meg en dukkert i mange andre vann. I min barndom var det sommerferie på Frei på Nordmøre. Det flotteste jeg visste var på flo sjø å dukke ned på sandbunnen og liksom legge meg ned på sanden å holde pusten så lenge jeg kunne klare. Så krøket jeg meg sammen og sparker kraftig i fra og skyter opp fra vannet mens jeg hiver etter pusten, og kjenner at jeg lever.

Efeserbrevet er et brev som vi bibellesere er glade i å lese. Brevet er preget av bønn og meditasjon og

flott poesi. Her er gjengitt liturgisk ledd, bekjennelsesformuleringer og etiske regler. Typisk for brevet er uttrykket «i Kristus», at vi i troen på Jesus har Guds velsignelse for i dag og i morgen. Å være i Kristus er som å dukke ned på havbunnen, holde pusten og så dukke opp til overflaten igjen. Da erfarer en med hele seg hva det betyr at Gud gjorde oss; «levande saman med Kristus, vi som var døde på grunn av misgjerningane våre.»

Jeg lå først på bunnen. Der kan jeg ikke puste. Straks etter beveger jeg meg fritt under en stor og åpen himmel. «I Kristus Jesus har han både reist oss opp frå døden med han og sett oss i himmelen med han».

Da Gud reiste Jesus opp fra de døde var det ikke bare for å berge sin egen Sønn fra undergang, men for å åpne en vei gjennom død og grav for alle sine barn. En vei gjennom vannet slik Israelsfolket opplevde det på veg til det lovede landet. Fra den visse død springer vi inn i lyset, lufta og livet. Vi gjør oss mange erfaringer i livet av at mørke blir til lys, tretthet til kvile, sorg erstattes av glede og ensomhet forvandles til fellesskap. I kristen forstand gir dåpen oss del i denne virkeligheten, at døden blir forvandlet til liv.

Runar Matsui-Li

Minikonfirmant24

Minikonfirmantene i kirken dette året var elever i 5. og 6. klasse. Vi begynte med samlinger etter skoletid i oktober og da fikk vi forberede gruppen på deltaking i lysmessa og skolegudstenesten. I løpet av høsten var presten Runar med i klassen med bibelhistorie, Bibelsporet. I april var de fleste med på leir på Alværa. Minikonfirmantene har vært en fin gruppe å være sammen med, godt sammenspleiset og de var veldig glade i mat. På bibelutdelingen fikk de tegneseriebibel.

Velkommen tilbake som konfirmanter.



Interkulturell kafe



Kurset «Inviterande kyrkje» i 2021 gav startskotet til det som vart satsingsområdet «Interkulturell kafe» i Hyllestad kyrkje. Medan det var 2 samlingar i 2022, var det 5 samlingar i 2023. Hittil i 2024 har det vore 2 samlingar, Frammøte har vore på eit snitt rundt 30, av og til meir og av og til mindre. Dette er lågterskeltilbod der menneske frå ulike kulturar kan møtast. Ein får vaflar og litt kake/ frukt. Det er hobbyaktivitetetar for born (t.d. laga englar i adventstida, fastelavnsris i februar osv.). Det er lystenning og gjerne eit musikalsk innslag. På ei av samlingane stilte t.d. nokre ukrainske kvinner opp og sang ein sang på ukrainsk. Organist Erling var med på nokre av samlingane. Praten går liveleg og folk ser ut til å kose seg. Fleire ulike nasjonar har vore represenerte. Ein god prosent av dei som var med på planleggingskursa har hjulpet til praktisk. Nokre

har og meldt seg som «flyktningvener» i regi av Røde Kors, som er aktive på dette området, og ein har språkkafe på biblioteket kvar fredag.

Me tek med eit lite referat som stod på fb i februar:
«Det vart ei fin stund på den interkulturelle kafeen i kyrkja idag. Det kom mange frå Ukraina, og Norge var og bra representert. Gode fastelavensbollar og vaflar. Takk til alle som hjalp til! Me høyrde vakker sang frå Kirsten og Jostein, og frå Filippinene fekk me ei kjekk overrasking med flott sanginnslag. God prat og fellesskap rundt borda. Fastelavnsriset vart fint. Lystenning for land og utfordringar i verda idag

AuS





Konfirmant 24

Høstens store happening for Linda og meg er å ta imot nye konfirmanter. Konfirmantkull 2024 fikk 8 medlemmer og har vert veldig fin å ha med å gjøre. Konfirmantene denne gangen var veldig klar på hva de ville være med på og hva de ikke ville være med på. Og det er flott med selvbevisste ungdommer som kan sette grenser. De var ofte å se i kirken på søndager. I hele høst har Keiko brukt deler av kvelds-samlingene til å øve inn et musikkstykke med håndklokker. På lysmessa 1. søndag i advent hadde de en flott fremføring som vi sent vil glemme. I januar var vi på konfirmantleir og senere på våren samtalegudsteneste. Konfirmantene

skal i kirken lære mer om den trua de ble døpt til, erfare livet i kirken og utfordres til å ta egne tros-valg.

Konfirmasjonsdagen ble en flott dag for oss alle.

Hilsen Linda og Runar.



Frå samtalegudstenesta 14. april

Konfirmanntane hadde ei flott og talande samtalegudsteneste, der dei gjennom pantomime synleggjorde, på dramatisk vis, forteljinga om kvinna som var gripen i ekteskapsbrot, *Joh.8,1-11*;

...Då kom dei skriftlærde og farisearane med ei kvinne som var gripen i ekteskapsbrot. «I lova har Moses påbode oss å steina slike kvinner. Kva seier du?» Dette sa dei for å setja han på prøve, så dei kunne få noko å klaga han for. Jesus bøygde seg ned og skreiv på jorda med fingeren. Men då dei heldt fram med å spørja, rette han seg opp og sa: «Den av dykk som er utan synd, kan kasta den fyrste steinen på henne» Då dei høyrde dette, gjekk dei bort, den eine etter den andre, den eldste fyrst. Til sist var Jesus att aleine, og kvinna stod framfor han. Då rette han seg opp og sa: «Kvar er dei, kvinne? Var det ingen som dømde deg?» «Nei, Herre, ingen», svarta ho. Då sa Jesus: «Så dømmer ikkje eg deg heller. Gå bort og synd ikkje meir!»

I tillegg, som vi ser på bileta, drog dei stadig fleire dømme på synd opp av sekken. Det vart ei sterk oppleving i kyrkja, denne kvelden og. Takk til våre flotte konfirantar!

A&S.



Konfirmerte i Hyllestad kyrkje, 27.04.2024



Frå venstre: Sokneprest Runar, Konrad-Felipe Trebnio Fernandez, Sunniva Lylund, Nadja Maja Sarba, Natalie Løseth Høstaker, Martine Avedal Skaar, Milla Sognnes, Sander Horne, Ole-Martin Thorsnes Solstad.

Fasteaksjonen 2024

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er Noregs nest største innsamlingsaksjon som engasjerer rundt 40.000 frivillige bøssebærarar frå 1200 norske kyrkjelydar som samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Takk til dei flotte konfirmantane våre for godt gjennomført fasteaksjon i veka før påske. I Hyllestad kom det inn kr. 13.260,- i kontantar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Dette gjev reint vatn til 44 menneske. Grunna omorganisering av VIPPS, har vi ikkje fått oversikt på kva som har kome inn på VIPPS, fordelt på kommune/sokn, enno. Takk til kvar einskild glad og god gjevar! Attendemeldinga frå bøsseberarane var: «Folk har venta oss og vore so blide når vi kom!»



Moster 2024

- feirar fortid og formar framtid!



Kristenretten slo fast at «Gud er alle sin ven». Frå TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» ved Thor Haavik. Foto: TV Inter

Kva feirer vi?

I 2024 er det 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg. Dette skjedde på Moster i Bømlo kommune, på Mostratinget, sett av Olav Haraldsson og Bisp Grimkjell i år 1024. Innføringa av kristenretten var starten på ei omfattande og radikal samfunnsomvelting - «frå maktsamfunn til rettssamfunn» og

markerte byrjinga på ei ny tid, med sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Det var her statsdanningsprosessen for Noreg starta og me feirar difor dette som eit nasjonalt lovjubileum.

Når kyrkjebladet kjem ut, så har det nett vore ei stor markering på Moster. Her lokalt i Hyllestad

var det ei markering under Kvernsteinsmarknaden 8.juni. Skulen har og vore engasjert ved å skrive «Verdibrev» om kva verdier ein ynskjer skal prege samfunnet i åra som kjem. Jubileet fortset og det er jo ikkje mange år til det store nasjonaljubileet i 2030: Norge i tusen år? ; slaget på Stiklestad som førte til riksdanninga og kristninga. Olav den heilage gjekk frå vikingkonge til helgenkonge. Dette har hatt store ringverkander for landet vårt.

Kristenretten – har hatt mykje å seie

Historikar Torgeir Landro, som i dag er prorrektor for forskning og formidling ved NLA Høgskolen i Bergen, har doktorgrad på kristenretten sitt innhald og opphav. Då frå Universitetet i Bergen. Han meiner at tusen år med kristenrett har hatt meir å seie enn folk flest forstår. Den gav ein del nye lover tufta på den kristne trua og kyrkja



Verdiseglasen vil ta med seg verdibrev frå unge langs Vestlandskysten. Foto: Vestland fylkeskommune

sin grunn. I løpet av vikingtida , frå ca. 800 til 1050 voks lagtinga fram; og Norge vart inndelt i fire lagdømme. Mykje av denne tenkinga hadde bakgrunn frå England, men også ein del frå kontinentet elles. Håkon den gode hadde allereie komme med mange impulsar frå opphaldet sitt i England.

Norge gjekk frå eit ættesamfunn til eit rettssamfunn: Slaveri vart etterkvart avskaffa, kvinner får velge sine egne menn, barn skal ikkje lenger setjast ut i skogen, blodhevn som var mykje praktisert, vart forbode. Det samme gjeld menneskeofring. Fattige får betre vilkår. Det skjer ved innføring av tienden.

Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar skulle bli høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen.



Guds fire døtre, slik dei er framstilt av Anne Hesvik. Foto: Bo Mathys

Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; *sanninga* må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, *rettferda* skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og *fred* skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplysende mini-serie med Farmen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå

på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieell for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Les meir om verdiåret 2024 på bispdømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024> (Der finn du og dei tre episodane av tv-serien «Hendelsen som forandret Norge»)

Dette er altså spørsmål som bør få stor merksemd og noko som er verd å feire!

AuS

Klipp frå årsmeldinga 2023:

Kystpilegrimsleia

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 25 nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia, frå Egersund til Trondheim. Leia vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8. juli 2018.

Dei fire grunnpilarane i pilegrimssatsinga er: 1. Kultur. 2. Kyrkje. 3. Næring og 4. Miljø.

Nytt i 2023 er at det 10. mai vart nedsett ei nøkkelstadgruppe i Hyllestad. Den har endra litt på samansetjinga no, men pr. i dag er desse med: Linda Ølmheim, Astrid Waage og Audun Systad, er alle frå Hyllestad sokneråd si steinkrossnemnd, elles Leif Akse (Sogelaget), Frøydis Akse (Reiselivsgruppa), Anne Berit Garnes (Sogn hostel), Hildegunn Hatlem (kommunalsjef) og Alexander Rauboti (dagleg leiar i Kvernsteinsparken). Sistnemnde kom heilt i slutten av året inn som ny dagleg leiar, og ynskjer at arven med steinkrossane skal få ein tydlegare profil, m.a. med skuleprosjektet og arrangement elles.

Steinkrossnemnda som Hyllestad sokneråd oppretta i 2021, har i tillegg til dei tre ovanfor nemnde, også Steinar Urnes og Sigrid Solberg som medlemmer.

Arbeidet som nøkkelstadgruppa framover skal ha: Stikkord her er det som stod i årsmeldinga i fjor: «Pilegrimssatsinga skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring, og samtidig vere open og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og religion.

Delmål:

- Auke talet på opne kyrkjer langs leia.
- Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag.
- Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia.
- Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen.
- Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn»

Når det gjeld soknerådet sitt arbeid, er ei meir opa kyrkja fremja som ei viktig målsetjing. Elles kortare vandringar rundt Hyllestad, og gudstenester og andre tiltak i pilegrimssammenheng.



Nasjonaljubileet Noreg i tusen år og landslovjubileet, - det skjer på Gulatinget og i Gulen kyrkje helga 23.-25.august!

<https://gulatinget.no/gulatinget-2024/>

Frå heimesida til Gulatinget:

23.–25. august 2024 har vi gleda av å invitere til ei stor jubileumsfeiring i høve Nasjonaljubileet Noreg i tusen år og Landslovsjubileet 750 år. Gulatingslova er den eldste lova i Norden, og med verdiane Folkestyre-Tillit-Fred ønskjer vi å revitalisera og aktualisere Tusenårsstaden Gulatinget for framtida.

Gjennom seminar, debattar og felles kulturopplevingar skal det leggjast grunnlag for ein konstruktiv dialog der ulike stemmer kan få plass. I dagens nettbaserte og globale verd har det blitt eit heilt nytt og annleis debattklima. Det er viktig at vi kan skapa rom for nyansar, framfor svart/kvitt og steile motsetningar.

Jubileet Gulatinget 2024 skal auka vårt medvit og kunnskap om kva Gulatinget har betydd for demokratiet i Noreg, og korleis denne arva kan forvaltast vidare.

Lokal medverknad er viktig for at målet med feiring kan realiserast i praksis. Gulatinget 2024 skal jobba med verdiar i lovverket, og i jubileumsåret har vi von om at vi i fellesskap, skal få ei djupare forståing av omgrepa; folkestyre, tillit og fred. Kva har dette betydd i ei historisk samanheng og korleis forstår vi omgrepa i dag? Born, ungdom og eldre, lag og organisasjonar er alle viktige stemmer. Kanskje brenn du for ei sak du meiner er viktig for bygda di, eller du løfter stemmer

gjennom frivillig arbeid? Alle er vi viktige bidragsytarar for å byggja berekraftige lokalsamfunn.

Set av helga 23.-25.august!

Program: <https://gulatinget.no/gulatinget2024/program-for-gulatinget-2024/>

Det samla målet for Nasjonaljubileet 2030 er å skapa eit jubileum som tek utgangspunkt i fortida, men som har stor betydning for både notid og framtid.

Med verdiane Folkestyre - Tillit - Fred blir jubileet feira på Gulatinget 23.–25.august.

Kva er så definisjonen på desse begrepa?

Folkestyre-demokrati: Demokrati, også kalla folkestyre, er ei styreform der folket har direkte eller indirekte innverknad på kva vedtak som vert fatta. Kjenneteikn ved demokrati er

frie val, fleirtalsstyre, retten til å vere usamd med fleirtalet og at individa sine grunnleggjande rettar blir ivaretekne (wikipedia)

Tillit: er eit grunnleggjande sosialt fenomen som er viktig i både personleg interaksjon og i samfunnsmessige strukturar. Tillit kan forståast som ei meir eller mindre bevisst forventning om at andre menneske eller institusjonar vil handle på ein føreseieleg, ærleg og velmeinande måte (store norske leksikon)

Fred: definerast som fråvær av fiendskap, krangel og konflikt og som ei motsetning til krig. Ordet kan også brukast som ein tilstand av tryggleik frå fare og væpna angrep, om stillheit og ro, både konkret i omgjevnadane, men og som ei kjensle av indre harmoni og sjelefred. (wikipedia)

Jubileumsgudsteneste

Sundag 25. august kl. 11.00 i Gulen kyrkje

Vi har mykje å feira i dette jubileumsåret, og for fyrste gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop. Ragnhild Jepsen kjem for å halde jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik den 25. august. Slik vil biskopen bidra til ei verdig og høgtidleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga. Mange fleire deltek, blant anna blir det song av skuleelevar og av Brekke Mannskor. Prost Helge Taranrød, fungerande sokneprest Bjørn Magne Hansen og organist Peter T. Jobbagy deltek. Ordførar May-Lynn Osland blir med, og sjølvstøtt vår nye sokneprest Håkon Kinsarvik.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset. Her i Hyllestad vert det gudsteneste kl.17.00 denne dagen. Vi oppmodar difor folk i Hyllestad til å ta turen, og få med seg jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik kl. 11.00

Songkveld

Sundag 7. april; Var det «Songkveld, med glimt frå Cuba» i Hyllestad kyrkje, der Ingunn og Aslak Sognnes synte ljusbilete og fortalde frå tur til Cuba i januar i år. Ein kyrkjelydstur i regi av Bjørgvin bispedøme, der målet var å vitja Bjørgvin bispedøme si venskapskyrkje på Cuba og få eit lite inntrykk av korleis det er å driva kyrkjelyd på Cuba, samt syna oss litt av kva hjelpesendingane frå Bjørgvin og Normisjon

går til. Sjølv sagt gjorde dette sterkt inntrykk på oss 20 som var med på turen, med sjølvsyn sjå kva vilkår dei lever under og kva dei får til med små midlar. «Moreld» liva opp kvelden med song. Sett fram litt kjeks, frukt, kaffi og te. Det var kollekt til Bjørgvin bispedøme sitt «Cubaprojekt». Takk til rause gjevarar, det kom inn kr. 4.150,-. *Sjå elles «reisebrev frå Cuba», annan stad i bladet.*

Laurdag 13. april; Flott konsert med Line Dybedal (song, gitar og keyboard), saman med Mathias Marstrander (gitar). Flott samspel og Line si mjuke røyst, knytt saman med gode naturbilete/videoar gav ei stor musikalsk oppleving. Arr. Hyllestad kommune, i samarbeid med Hyllestad sokn.



17. mai

Fjordklang deltok i gudstenesta dette året og tradisjonen tru. Like kjærkome kvart år! I år og, stilte dei opp saman nokre songarar frå Ukraina og framførte «Ukraina-Noreg» eit arr. av Magnar Åm, der Ja vi elsker er fletta saman med Ukraina sin Nasjonalsong. Ei sterk oppleving for songarar og oss tilhøyrarar! TAKK!



23. mai

«Moreld» baud inn til ein fin kveld i kyrkja, der dei hadde eit rikt og variert program med songar, der ei norsk omsetjing stod på skjermen dei gongene det var engelsk tekst. «Moreld» fortener honnør for det arbeidet dei legg i dette med å få teksten fram til oss alle! Alltid like kjekt og fengande å høyra og ikkje minst sjå den ekte songgleda.

Fin songkveld i kyrkja 23. april

Det var ein øvingskveld for «Fjordklang» som var ramma for denne kvelden tysdag 23.april. Dirigent William Sowerby Anthun hadde hatt omsorgspermisjon på grunn av fødsel i familien, og det var rom for fleire innslag i tillegg til koret. Det vart det, Vakre trompet-tonar fekk me høyre frå William sjølv, og elles vart det eit vidt samansett program, når bestillinga er så vid som «tonar frå vest».

Keiko Matsui-Li gledde oss med vakre tonar frå irsk folkemusikk, og mannen Runar; presten; vart og med i songen.

Kirsten og Jostein Ryland gav oss fine innslag med songar om bøn og tru.

Audun Systad fortalde frå tur til Irland i 2022. Han fortalde om St. Patrick og trekløveren som er nasjonalsymbolet, og eit bilete på treeininga. Og mest om St. Columba som flytte frå Irland til øya Iona i Skottland, og vart grunnleggar av eit klostersonnemuseum der, så tidleg som på 500-talet. Det har fått store ringverkander for alt åndsliv i Europa. Der står og vakre steinkrossar som har vore til inspirasjon i vårt land, og vårt eige Hyllestad!

Mal Dickson , aktiv fotograf og grunnleggar av Viking Footprints saman med Frøydis Akse, viste oss videoen han laga: «Et vikingtids-problem? Overgangen til kristendommen.» Det var ein video med flotte bilete frå Hyllestad og omegn, med eit innhald til refleksjon.

Heile dette programmet varte 1 t og 15 min, etterpå var det frukt og god prat mellom dei rundt 60 frammøtte. Arrangør var Kyrkja i Hyllestad og Folkeakademiet. Det var gode tilbakemeldingar på at slike kveldar kan me gjerne få fleire av.



Reisebrev frå Cuba-turen januar 2024



Flott gjeng. Foto: Steinar Barmen

17. januar starta 20 nordmenn på turen til Cuba. Fly via Frankfurt, derifrå over Atlanteren til Cuba, 10-11 t flytid. Turen var arrangert av Bjørgvin bispedøme, som har eit vennskaps-samarbeid med kyrkjelydar på Cuba via Normisjon. Reiseleiar var Kjell Ove Hatlem, oppvaksen i Hyllestad, no busett i Sandnes. Han har vore på Cuba over 30 gonger, og kjende kyrkjelydane og dei vi skulle besøke godt, i tillegg til at han hadde følgd utviklinga i landet over tid. Turen var godt planlagt og tilrettelagt av Pluss-reiser.

Kva ville møte oss på hi sida av kloden? Vi var alle spente, litt usikre



Guardalavaca



Guardalavaca

og forventningsfulle over å reise til eit så eksotisk land, samtidig som vi i gruppa ikkje kjende kvarandre frå før, og det er jo spennande i seg sjølv å reise på tur i to veker med folk du ikkje kjenner!

Vi landa i Holguin, aust på Cuba. Etter tre dagar på eit strandhotell

i Guardalavaca for akklimatisering og bli litt kjende, var vi klar for å stige om bord i bussen, som frakta oss på langs av heile Cuba. Laurdag 20.01 besøkte vi hovudkyrkja Iglesia Evangelica Unida i Santiago de Cuba, og søndagen var vi delte opp i grupper som deltok på gudstenester i ulike områder i nærleiken.



Hovudkyrkja i Santiag de Cuba.

Den evangelisk-lutherske kyrkja blei godkjend først i 2012, etter ein søknad frå biskop emeritus Halvor Nordhaug, som var på besøk i 2011. Sjølve hadde dei ikkje fått den godkjend, men med ein norsk biskop sitt stempel gjekk den gjennom!

Fleirtalet i kyrkjelydane er kvinner, mange av dei har høg utdanning og har i tillegg utdanna seg til pastor. Når kvinnene går i front, har det innverknad på resten av familien, og mange hadde med seg heile storfamilien til gudsteneste!

Kyrkjelydane driv utstrekt diakonalt arbeid. Kyrkjelyden Aslak og eg besøkte, hadde med støtte frå Normisjon fått bygt oppatt kyrkjerommet etter ein orkan, taket var forsterka slik at kyrkjerommet fungerer som tilfluktsrom for alle som bur i nærleiken neste gong dei treng ly for naturkreftene.



Heldigvis finst det solskinshistorier, håpet om eit betre liv var der framleis! Vi besøkte pastor Yadira i Guantanamo, i huset sitt hadde ho kyrkje på taket, barnehage i stova og i tillegg ein liten «finca» utanfor byen, der ho hadde tilsett folk for å drive jorda. Jorda fekk ho leige «gratis» av staten, men så måtte ho til gjengjeld levere 70% av planlagd produksjon tilbake (staten fastsette kva som var forventa avling/produksjon), til fastsett pris. Jorda måtte dyrkast opp, då den var full av storvaksen tistel (marabou) som har lange piggar og rotstokk på opptil 15 cm i diameter. Den måtte fjernast med hakke! Oksane dei hadde hatt var blitt stolne, mest truleg hadde dei hamna på eit middagsbord. Målet var å produsere yoghurt, syltetøy, kokosnøtter, diverse andre frukter og urter for sal, og å kunne gje arbeidsfolka ei anstendig løn. Vi kjøpte med oss ein plastdunk med yoghurt på bussen, den blei fordelt i pappbeger og smakte nydeleg.

Son til Yadira dreiv med ungdomsarbeid. Når han smilande fortalde om arbeidet, at det no var ca 100 medlemmar med fleirtal av unge mellom 12-35 år, ikkje berre gamle på 45-50, då måtte vi og dra på smilebandet og tenkje på kyrkjelydane vi kjem frå.



Yadira





Vi måtte spørje: korleis har de fått til dette? Svaret var at Gud hadde gitt visdom, og med hjelp av Agenda 1, som er eit «program» for disippelgjering, hadde dei gått ut, to og to, og invitert unge inn til ulike aktivitetar. I haust hadde kyrkjelyden invitert til ein stor weekend, 85 møtte opp, 35 blei døypte, 9 par gifta seg og dei avslutta med ein stor fest som alle kunne vere med på.



Bønder møter bønder



Marabou



Reiskapar



Torghandel



Etter nokre dagar i aust, bar turen vestover, totalt tilbakela vi strekninga Tromsø-Oslo i luftline på desse dagane. Vi var turistar og opplevde flotte byar etter spanjolane, mest kjend er kanskje Trinidad, som står på Unesco si verdsarvliste. Bussjåføren køyrde trygt og godt på dårlege vegar, og rett som det var såg vi oksar med kjerre etter vegen, i byane hest og kjerre, på brustein og i tronge gater. Bussen var forresten også staten sin eigedom, men sjåføren sitt ansvar. Så han stelte den godt,- det var forsikringa hans for å kunne greie å ta vare på familien sin. Gjennom heile turen hadde vi med ein kunnskapsrik og engelsktalande guide, så vi fekk med mykje historie undervegs, gode replikkar og oppklaringar på dei fleste spørsmål.



Fincaen

Litt fakta om CUBA: 10 mill innbyggjarar (1 mill emigrert siste 2-3 åra). Avstand aust til vest= Oslo-Tromsø i luftline. Tropisk klima, 21-27 gr middeltemp. Nov-apr tørt, mai-okt vått og med orkanar. Spansk koloni til 1898, overteke av USA og «frigjort» i 1902, stor på sukkerproduksjon. Revolusjon i 1959, Fidel Castro overtok makta, kommunisme og sterke band til Sovjetunionen fram til fallet i 1990. Cuba er i dag eitt-parti-stat, med val, men utan yrtings- og pressefridom. Staten og militæret eig mykje av næringslivet, svært begrensa rom for private (men opnar litt for små bedrifter).



Det Cubanske flagget. To frå Noreg som er spente på kva Cuba har å by på. Har fått med oss at utdanningsnivået er høgt, nesten alle kan lese og skrive. På Cuba er det gratis skulegang og utdanning, Cuba har vore kjend for eit godt helsevesen. Etter end utdanning er det 2 år plikttjeneste for gutar og 3 år for jentene, nyutdanna legar kan bli beordra langt opp i fjella, langt vekk frå familien. Gutane har i tillegg to år plikttjeneste i militæret. Uansett utdanning, problemet no er at det er mangel på alt: medisinar, utstyr på sjukehusa, drivstoff, straum og nok mat. Cuba har eksportert t.d. legar til mellom anna Peru. No forfell helsevesenet grunna dårleg utstyr, mangel på medisinar og



Vi var ein tur innom Fidel Castro si grav og fekk med oss to vaktskifte, det var skifte kvart 28. minutt.



Unge studentar og legar.



Heimalaga er best.

helsepersonell. Helsearbeidarar/legar emigrerar (men har no problem med å få pass!) Svært låg løn! Inflasjonen har vore heilt ute av styring og siste tre åra har alt blitt verre. Ein advokat tener betre på hønehald enn

det han får i månadsløn og mange leiger ut rom i husa sine for å spe på inntektene. Frå 1990-talet har det vore rasjoneringskort, men no rekk ikkje korga du får til ein heil månad lenger.



Tomme butikkhyller.



Føraren parkerte og Aslak mimra litt, peika på emblemet på framskjermen – V8??-og rista på hovudet. Svaret frå føraren var: «Toyota diesel!;)»



Vel framme i Havanna skulle vi besøkje ein liten, nyoppstarta kyrkjelyd. Eit ungt par hadde flytta til Havanna med formål å starte opp, heime i stova si. Alle fekk plass, det var nok stolar! I framtida håpar dei å kunne bygge kyrkje på taket, no var det fin boltreplass for borna som kom på gudstenesta. Borna bidrog med song, deretter sat dei i ein krok og hadde «søndagsskule». Så kan ein spørje seg om kva som gjer at eit ungt par med ein 5 år gamal son flyttar frå aust til vest, begge godt utdanna, utan nettverk i Havanna?



Refleksjonar i ettertid: Denne turen var ei stor oppleving, men den har i ettertid gitt mange refleksjonar, vi som lever i eit velordna og velfungerande samfunn, med demokratisk styring, sosial utjamning, fordeling av godene og eit fritt ord. Med same himmel over liva våre, med håp og tru, men med heilt andre levevilkår.

Og eg spør meg: kva tenkjer vi på når vi seier ordet kyrkje? Er det dei flotte bygningane, eller tenkjer vi på det kyrkjelege livet med gudstenester og samlingar som gjev næring for trua vår? Korleis forvaltar VI det vi har fått, med materielle gode og alt vi treng? Og ikkje minst, i kva grad treng vi fellesskapa våre i kyrkjelydane?

Vil avslutte med noko av det som stod att etter møtet med ungdomsleiaren- -
-: Alt av Kristi kjærleik!

*Tekst: Ingunn Sognnes
Foto: Aslak Åm Sognnes, (unnateke
første og siste)*



Foto: Steinar Barmen

Verdibrev

Flotte ungdommar i 7. og 8. klasse i Hyllestad deltok, tysdag 4.juni, på verdisamtalar saman med Audun Systad og Runar Matsui Li. Kystpilegrimsprest Einar Vegge overleverte kystpilegriskista direkte frå 1000-årsjubileet på Moster, og verdibreva frå ungdommene i Hyllestad blir med kista på vegen vidare nordover mot Seljumannamesse 1000 år 5.-8. juli og Olavsfest i Trondheim 29. juli. Spannande å vere med på denne verdiseglasen langs heile Kystpilegrimsleia!



Håpsvandring

8. juni

Takk for ein flott dag på kvernsteinsmarknaden i Hyllestad! Mykje folk, liv og røre i kversteinsparken, etterfylgd av håpsvandring via den gamle kyrkjegarden og vidare til Hyllestad kyrkje saman med m.a. ukrainske flyktningar. Det vart lese bibeltekstar og bønner undervegs på norsk, ukrainsk og polsk. Ordføraren la verdibrev frå ungdom i Hyllestad ned i kystpilegrimskista, før den blir med vidare til Kinn og Selje. Audun Systad fekk overrekt ein skipssekk som vel fortent takk, for godt og viktig pilegrimsarbeid



Glede og sorg

DØYPTE

Hyllestad: Luna Teigen Bygnes
Oline Hjelmeland
Fillip Hovland Wolff
Frøya Meier-Bygstad

Øn:	Laila Feten	f. 1951
	Reidar Johan Eide	f. 1932
	Karl Otto Drøsdal	f. 1957
	Sygni Austgulen	f. 1941
	Amund Soltveit	f. 1943
	John Nordbø	f. 1943
	Bjørn Magne Bygstad	f. 1959

DØDE

Hyllestad:	Gudbjørg K Espeland	f. 1939
Bø:	Gerda J. Førsund	f. 1930
	Borgny Nyland Dale	f. 1929
	Helga Ingeborg Løvås	f. 1929
	Kirsten Salbu	f. 1940
	Lillian Ness	f. 1934
	Trond Johan Handal	f. 1940



Velkommen til dåp!



Dåpsgudstenesta

Dåpen skjer i ramma av ei ordinær gudsteneste i soknet. Dåpen er ei kyrkjeleg handling, så derfor vert heile kyrkjelyden involvert. Ein bør vere varsam med å bruke blitz under sjølve dåpshandlinga. Dette vil ein uansett få rikeleg høve til ved døypefonten etter gudstenesta, der alle kan stille seg opp, så ein kan ta gode bilete i fred og ro.

Med dette ønskjer vi i kyrkja i Hyllestad velkommen til kyrkje og dåp. Du finn meir informasjon om dåp på heimesida vår: www.hyllestad.kyrkja.no. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er noko de lurar på. No har vi opna for digital påmelding til dåp, der ein får fram dei aktuelle gudstenestene for dåp framover.

Her kan du leggja inn ynskje om dåp: <https://minkirkeside.no/hyllestad> Dette er ein enkel og trygg måte å leggja inn ynskje om dåp. Ein loggar seg inn med mobilnummer og får ein eingongskode. Ein får opp val av handling; Dåp, konfirmasjon, eller vigsel. Då er det berre å leggja inn alle opplysningar, so tek vi kontakt.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Takk til husstyret for Hornedalen bedehus

Hyllestad sokneråd takkar hjarteleg for stor og uventa gåve til måling og reparasjon av Øn kapell. Pengane er førebels sett på Øn kapell sitt bunde fond og vil verte nytta i tråd med gjevar sitt ynskje.

Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkje-kontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergard.no/>

For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes** tlf. 975 83 290



ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Her kan kome endringar då endeleg gudstenesteliste ikkje har vore gjennom soknerådet før bladet går i trykken. Fylg med på kyrkja i Hyllestad si Facebook-side, eller på www.kyrkja.no og på kulturkalenderen på kommunen si heimeside.

16.06	Hyllestad, kl. 11.00.	20.10	Hyllestad, kl. 11.00
21.07	Dagsturhytta, kl. 12.00.	27.10	Hyllestad, kl. 15.00: Kyrkjelydbasar
25.08	Gulen kyrkje, Eivindvik, kl. 11.00: Jubileumsgudsteneste	03.11	Hyllestad, kl. 11.00: Helgemesse
25.08	Hyllestad, kl. 17.00: Presentasjon av konfirmantane	17.11	Hyllestad, kl. 11.00: Familiegudsteneste
01.09	Hyllestad, kl. 11.00: 50-årskonfirmantar	01.12	Hyllestad, kl. 18.00: Lysmesse
15.09	Hyllestad, kl. 11.00: hausttakkefest, 4-års bok, 6-års bok	15.12	Hyllestad, kl. 16.00: Julekonsert
29.09	Hyllestad, kl. 18.00: Thomas messe	24.12	Bø, kl. 14.00: Julaftan
06.10	Hyllestad, kl. 11.00: BaseCamp	Øn, kl. 16.00: Julaftan	
		25.12	Hyllestad, kl. 14.00.
		26.12	Eiklund, kl. 11.30.
		31.12	Hyllestad, kl. 15.00.

Jubileumsgudsteneste søndag 25. august kl. 11.00 i Gulen kyrkje

Vi har mykje å feira i dette jubileumsåret, og for fyrste gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop. Ragnhild Jepsen kjem for å halde jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik den 25. august. Slik vil biskopen bidra til ei verdig og høgtidleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga. Mange fleire deltek, blant anna blir det song av skuleelevar og av Brekke Mannskor. Prost Helge Taranrød, fungerande sokneprest Bjørn Magne Hansen og organist Peter T. Jobbagy deltek. Ordførar May-Lynn Osland blir med, og sjølv sagt vår nye sokneprest Håkon Kinsarvik.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset.

Her i Hyllestad vert det gudsteneste kl. 17.00 denne dagen. Vi oppmodar difor folk i Hyllestad til å ta turen, og få med seg jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik kl. 11.00

INFORMASJON

Returadresse:

Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2023 – 2027

Faste medlemmer:

Jan Olav Gjerde, Leiar
Inger Hauken, Nestleiar
Reidun Skår
Anny Dale Fureli
Brit Inger Skaar
Jofrid Hatleberg

Varamedlemmer:

1. Rune Risnes
2. Siv Åshild Fristad

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag, onsdag og torsdag kl. 10-15
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles e-post: post.hyllestad@kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Renate Ørnehaug Dale

E-post: RD944@kyrkja.no – Mobiltelefon: 915 16 644

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: AS727@kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Runar Matsui-Li

E-post: RM677@kyrkja.no – Mobiltelefon: 488 90 086

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: LEDIG 25% STILLING

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Audun Systad, Runar Matsui-Li og

Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne



Kyrkjekontoret formidlar
kontakt med ein som
gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye grav-
minne frå Nergård Steinindustri.